

28 MAI 2019

Ola K. Feste (gnr. 70 bnr. 5) Haukåsvegen 18,

Feste 27.Mai 2019

Lindås kommune,
Kvernhusmyrane 41
5914 Isdalstø.

LINDÅS KOMMUNE	
Klassering	
29 MAI 2019	
Ark. saksnr.	Løpenr.
Saksh.	Tilgangskode

Vedkjem Feste kai og nærliggjande eigedomar. (Gnr. 70, bnr 9, 10, 26 og 27)

Etter at det i mange år har vore gjort ein del endringar i dette området, vart det starta opp med ein reguleringsplan i 2016. (plan ID 1263 2016 09) Truleg med kommunens aksept bygde denne planen på det som alt var gjort av tiltak både på land og i sjø, legale eller illegale. I alle høve kjem det ikkje fram i referatet frå oppstartmøtet at dei kommunale representantane hadde merknad til at ein ville byggje vidare på uløyves konstruksjonar. Som eigar av tilgrensande eigedom fekk eg ingen opplysningar om planen før det kom ei lysing i lokalpressa. Høyringsfristen var 31.12. 16.

Saman med to andre eigarar av tilstøytande eigedomar sende eg eit brev til arkitekten som var sett opp som høyringsmottakar. Kopi vart sendt til Lindås kommune. I dette brevet står det mellom anna:

Sitat:

I føremålet med planen står det «Forlenging av eksisterande flytebyggje». Eksisterande flytebyggje er ikkje i samsvar med løyve frå 1987. Korkje med omsyn til plassering eller areal. Om det skal gjerast endring her, må det det takast utgangspunkt i godkjent løyve og plassering. Alle endringar utover det må handsamast på nytt.

Sitat slutt.

Arkitekt og tiltakshavar tok ikkje omsyn til innspelet. Plan og miljøutvalet som handsama saka 13.06.18 hadde heller ingen merknad og sende planen til høyring. Med i planen var også ein kaifront bygd på ikkje omsøkte/godkjende rørkonstruksjonar i sjøen. (Gnr. 70 bnr. 26) For sjølve kaifronten vart det gjeve

grannevarsel. For rørkonstruksjonane ingen varsel. Ved eit slumpetreff oppdaga eg at ordførar seinare godkjende desse konstruksjonane med sommarfullmakt.

No nærmar det seg sommar att. Eg er redd for at "eksisterande flytebyggje", som har ilandføring til Feste kai (Gnr. 70 bnr. 27), brått kan verte godkjend med sommarfullmakt utan at nokon vert varsla på førehand.

Ber difor om skriftleg stadfesting på at Lindås kommune ikkje godkjenner denne flytebyggja slik den no ligg utan lovleg saksgang.

Mvh.



Ola K. Feste